

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 16.10.14

Vår ref. 1026/14/BSI/5.0

Dykkar ref. 2014/00338-2

Norges Fiskarlag  
Postboks 1233 Sluppen  
7462 Trondheim

e-mail

## **FORSLAG TIL STØRRELSESBEGRENSNING FOR FARTØY SOM KAN FISKE INNAFOR FJORDLINJENE – HØYRINGSSAK.**

Styret i Fiskarlaget Vest hadde ovannemnde oppe som sak 65/14 på sitt styremøte 15.10.14, og fatta følgjande vedtak:

«Viser til høyingsbrev av 03.10.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest viser til, i følgje høyingsnotatet, at Fiskeri- og kystdepartementet konstaterer m.a. at det ikkje «eksisterer nokon rett til fiske for dei som bur langs fjordane, korkje i Finnmark eller i andre fjordar langs kysten, og departementet ser heller ikkje at det er tenleg å avgrense hausting frå framandfartøy i fjordane gjennom ein eksklusiv rett til fiske i fjordane for lokale fartøy.»

På bakgrunn av ovannemnde, og at ein allereie har nok byråkrati innan fiskerinæringa, meiner styret at Fjordfiskerenemnda må leggjast ned, da den i høve Kystfiskeutvalet skulle opprettast for å ivareta samiske interesser.

Fiskeri- og kystdepartementet finn i følgje ovannemnde ikkje å kunne støtte Kystfiskeutvalet, men ein finn i staden for å ville regulere fiske i fjordane/innføre fjordlinjer på følgjande bakgrunn:



«Departementet meiner likevel det er viktig å sikre at dei minste fartøya får hove til å fiske kvotane sine i fjordane utan konkurranse frå større og meir effektive fartøy i fiske på lokale bestander. Departementet vil difor at det vert sett eit generelt forbod mot fiske innanfor fjordlinjene for fartøy over ein viss storleik, men samstundes med opning for å gjere unntak der dette er naturleg.»

Styret i Fiskarlaget Vest er fortsatt i mot innføring av fjordlinje spesielt på pelagiske bestandar, som vandrar langs kysten.

Styret finn det òg meiningslaust å uttale seg til høyringsnotatet frå Nærings- og fiskeridepartementet når ein er kjent med at Fjordfiskenemnda har fått i oppdrag av Nærings- og Fiskeridepartementet å gå gjennom kvar fjordområde for å finne «tilpassede linjer som innebærer praktiske løsninger for hele flåten» (sitat frå tidlegare uttale frå Fiskeri- og kystdepartementet).»

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo  
Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nærings- og fiskeridepartementet  
Fiskeridirektoratet